

# Magevondt er ofte angst

**Meir enn halvta av alle pasientar som trur dei lir av matintoleranse, har eigentleg angst eller depresjon.**

PUBLISERT 27. oktober 2006

---

Resultata kjem fram i ei ny undersøking under leiing av professor Tone Tangen ved Psykiatrisk institutt, Universitetet i Bergen. Undersøkinga er ein del av det tverrfaglege matallergi og intoleranse-prosjektet ved UiB og tek opp samanhengen mellom matplager og psykisk helse.

– Mageplager blir ein del av depresjonen. Mange av desse pasientane er svært hardt ramma. Dei går ut i langvarige sjukemeldingar, og ein del blir uføretrygda. Mange får då diagnosen muskel-/skjelettplager, for det er ganske vanleg at smerter i magen «smittar over» til musklar og skjelett, seier Tangen til universitetet sitt forskingsmagasin *Hubro*.

*Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 43, nummer 11, 2006, side*